"Vårdag"

T Arne Garborg (1895)
M Johan L. Oldervang (2020)




1) Å nei, for himil rein og klår!
Å sæle meg, no er det vår!
No spelar liv um land og strand;
å sæle meg, at upp eg vann!

2) Å nei, for dag vår Herre gav!
So skirt um fjell, so svalt i hav!
So linn ei luft, so høgt um haug!
Og dette sæle solskinslaug!

3) (C C#o dm -/C -/H G C -/H)
Å nei, eg høyrer lerka slå
(Am -/G F -/D G7 C)
upp under bleike himilblå;
(C C#o dm -/C -/H G C -/H)
mot kvelv ho stig med songen sin;
(Am -/G F -/D G7 C)
snart når ho visst i himlen inn.

4) (Am Em/G Am/F C/E)
Sjå måken ror frå klåre nut
(F C/E D Gsus-G7)
i stille tak mot havet ut;
(Am E/G# Am/G D#o/F#)
og fugl det kvitrar, kved og syng
(dm/F C/E dm7 G7 C)
i tun og tre, i lund og lyng.

5) (C C# dm -/C -/H G C -/H)
Og å, som soli lognar trygg
(Am -/G F -/D G7 C)
som varmeflaum um barm og rygg!
(C C#o dm -/C -/H G C -/H)
Og gjenom all den milde dag
(Am -/G F -/D G7 C)
det mjuke, salte havsens drag!

6) (Am Em/G Am/F C/E)
Det brydder strå, det sveller knupp,
(F C/E D Gsus-G7)
og sevja stig i treet upp;
(Am E/G# Am/G D#o/F#)
ein dåm det vaknar søt og tung …
(dm/F C/E dm7 G7 C)
Å sæle meg som er so ung!